

Ei Festidalen-pynta bygd.

26.07.2017



Så vakkert og koseleg er det på rastepllassen ved informasjonstavla.

Det er mykje kjekt med Festidalen. Noko av det vi verkeleg set pris på, er den flotte måten bygda vert pynta på. Tirsdag i kveldinga var pyntegjengen i gang, og det viser verkeleg att. Kjempekoseleg! Festidalen-bonden er på plass på Sandabakkane, og nytt av året er det at Festidalen-dama er på plass.



Den flotte dama med sykkelen på toppen av taket er Janne G. Hjønnevåg meister for.

Festidalen-dama er på plass på taket av informasjonstavlehytta ved Gamleskulen. Det ser mest ut som ho er rømt unna bonden på Sandabakkane der ho står med sykkelen sin. Dei to figurane utfyller kvarandre godt, og

eg er sikker på at dama med sykkelen vil bli eit kjenneteikn på Festidalen i like stor grad som bonden i åra framover. Det er Janne Gloppen Hjønnveåg som er meister for kunstverket.

Pyntegruppa gjer ein framifrå jobb i samband med Festidalen. Den er i år samansett av Gina Hella Berge-Soldal, Edle Lomheim, Therese H. Bondhus og Signe Schineller. Den flotte pyntinga dei gjer både på arenaen og i bygda elles, er absolutt med og set standarden for den gode og trivlege stemninga som er på Festidalen.

Då eg snakka med Therese, Gina og Edle under pynteøkta tirsdag understreka dei at dei hadde god hjelp av andre, og nemnde m.a. Janne som hadde laga den flotte nye figuren.

Flott og triveleg gjer dei det absolutt i bygda. I tillegg på rastepllassen ved Gamleskulen og på Sandabakkane såg eg også at dei hadde vore og pynta ved inngangen til Spar-butikken og i båthamna. Der var dei karakteristiske rutete dukane og mjølekartong-vasane komne på plass med blomar.



Therese H. Bondhus pyntar på rasteplassen.



Gina Hella Berge-Soldal svingar klubba, og Edle Lomheim lever litt farleg ei lita stund.



Kjapt var bonden og banneret på plass.



Det er kome dukar og blomar på borda på sitjegruppene på begge sider av inngangen til Spar.



Festidalenbanner er på plass på det nye båthamnsbygget.



Dukar på borda i sitjegruppene i båthamna.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland